



Omslaget på den nye boka til Olaf Agnar Gausvik.

I løpet av september kjem ei ny bok frå Olaf Agnar Gausvik i salg. Denne gangen serverer han oss ei samling med gode, fornøyelege og treffande limerickar ofte ispedd Gausvik sin lune humor. Det har blitt ein kalender med 365 pluss 1 limerickar.

Olaf Agnar Gausvik sine meisterlege limerickar er allereie kjær lesnad for mange enten dei er publisert i Fedrelandsvennen, på facebook eller i andre fora. Derfor er det nok mange som ser fram til denne boka. Boka vert gjeven ut på Setesdalsforlaget. På dette forlaget har Gausvik gjeve ut to bøker tidlegare; - først diktboka 'Det droplar og dryp' og deretter 'Gustaven og dei siste mohikanarane' rundt det mangfaldige og spennande livet til Gustav Bergstø.

For begge dei føregåande bøkene var salget så godt at det måtte raskt trykkjast opp nye opplag. 'Det droplar og dryp' er framleis å få tak i, men Gustaven-boka for lengst er heilt utseld trass i trykking av fleire ekstraopplag. Underteikna trur at den nye boka også vil gå unna som varmt kveitebrød. Det kan fort verta årets julegåve både i Kvinnherad og på Sørlandet!!

Boka er no i trykking, og den er naturleg nok delt inn i 12 kapittel. Den vert på heile 129 sider, og det vert satsa på innbunden utgåve. Prisen vert 250 kr, og det vil verta oppretta salsstader og salskontaktar også her i Kvinnherad. Dette vert gjort kjent når boka er klar for salg. Dersom nokon ønskjer dedikasjon i boka, er det greiast at dei tingar den direkte hos forfattaren. Då kjem litt frakt i tillegg til prisen.

I samband med utgjevinga skriv Ånund K. Homme i Setesdalsforlaget m.a.:
 'Olaf Agnar Gausvik har i ein mannsalder skrivt prosa, prologar, viser og vers. Skriveria har vore publiserte i bøker, aviser og på spesialsider på nettet. I dei seinare åra har han funne hugnad i å dyrke limericksjangeren. Av dei som verdset desse folkelege og rytmiske femlinjers versa med underfundig innhald, humor eller brodd, har Gausvik vorte omtala som 'Kongen av limerick' og 'den mest produktive rickaren i landet'.
 For to år sidan sette han seg føre å laga ein form for kalender med ein limerick for kvar dag i året, skotårsdagen medrekna. No er målet nådd.....!'

Boka 'Året som rick' kjem altså snart i salg, og vi kan glede oss til mange koselege stunder med versa frå denne skrivande meisteren frå Uskedalen!

Av: Thor Inge Døssland.